

Forskrift om vern av Ulvaskog naturreservat, Strand kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit stort og variert skogområde som representerer ein bestemt type natur i form av samanhengande kystfuruskog med stor førekomst av fuktkrevjande arter og regnskogsmiljø. Området har særskilt betydning for biologisk mangfald då det inneheld trua, sjeldan og sårbar natur i form av fleire raudlista naturtypar og mange raudlista artar, mellom anna regnskogartar, samt mange hole eiker med stort potensial for raudlisteartar.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Strand kommune: 55/2, 55/5 og 57/2

Naturreservatet dekker eit totalareal på 3938 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Strand kommune, hos Statsforvaltaren i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp, medrekna lav, eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Oppistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp,
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk,
- c. vedlikehald av eksisterande bygningar, Ulvaskoghytta, og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet,
- d. vedlikehald av eksisterande stiar, forutsett at trevirke blir liggande att i naturreservatet,
- e. beiting,
- f. utsetting av saltstein,

- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk,
- h. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk,
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet, og
- j. oppgradering eller fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar vist på vernekartet.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget,
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy, og
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne,
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk,
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b,
- d. merking og rydding av nye stiar,
- e. oppsetting og vedlikehald av gjerder,
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d,
- g. ringbarking, hogst eller uttak av gran og eventuelle utanlandske treslag,
- h. naudsynt motorferdsel med snøskuter, langs trasé vist i vernekartet, for transport av materialar til vedlikehald av eksisterande hytte sør for Sandvika i Botnevatnet.
- i. oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje fell inn under § 4,
- j. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftline,
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav c og f, § 7 bokstav a, b, e og g.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Forskrift om vern av Honganvik naturreservat, Sauda kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur. Området har innslag av frisk rik edellauvskog, lågurtfuruskog og flaumskogsmark, samt boreal lauvskog med bjørk og stort innslag av rogn. Den rike edellauvskogen består av eik, ask, alm og lind, nokre av trea er store og gamle og nokre er styva. I tillegg er det god førekomst av barlind. Vidare er formålet å ta vare på eit område som inneheld eit rikt fugleliv og fleire sårbare fuglearter.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sauda kommune: 1/1, 4/1, 5/1, 5/2, 6/1, 8/4, 20/6, 20/8 og 22/8.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 2084 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Sauda kommune, hos Statsforvaltaren i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp, medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp,
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk,
- c. vedlikehald av eksisterande kulturminne/ruinmurar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet,
- d. vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet,
- e. beiting,
- f. utsetting av saltstein,

- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk,
- h. oppsetting av mellombelse, mobile jaktårn for storviltjakt
- i. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt
- j. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk,
- k. vedlikehald av eksisterande, enkle klatreruter,
- l. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet, og
- m. oppgradering eller fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, ridning og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar vist på vernekartet.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget,
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy, og
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne,
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt,
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b,
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder,
- e. merking og rydding av nye stiar,
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d,
- g. hogst av etablerte plantefelt av gran, inklusiv ringbarking og uttak av gran og eventuelle utanlandske treslag,
- h. bruk av hest og slede på gammalt vis, i samband med uttak av gran og utanlandske treslag for nytte til vedlikehald av bygg på Hustveit, jf. § 7 bokstav g,
- i. etablering og vedlikehald av avgrensa mengd enkle klatreruter i vegskjering og fjellside opp frå gamlevegen,
- j. oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje fell inn under § 4,
- k. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftline, jf. § 7 bokstav i, og
- l. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav c og f, § 7 bokstav a, b, d og g.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegera styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Forskrift om vern av Griggelia naturreservat, Sandnes kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit skogområde som representerer ein bestemt type natur i form av fleire regnskogsmiljø i ei bratt nordvendt li ned mot Lysefjorden. Skogområdet inneheld trua, sjeldan og sårbar natur blant annet fleire fuktkrevjande artar knytt til regnskogsmiljø og raudlista naturtypar.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sandnes kommune: 228/1

Naturreservatet dekker eit totalareal på 1153 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Sandnes kommune, hos Statsforvaltaren i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp, medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Brenning av bål er forbode.
- d. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- e. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp,
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk,
- c. vedlikehald av eksisterande stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet,
- d. skjøtselshogst på myra nordaust for Griggelitjørn i samband med kraftleidningen,
- e. beiting,
- f. utsetting av saltstein,
- g. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk,

- h. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet,
- i. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig,

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar vist på vernekartet.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget,
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy,
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- e. naudsynt overflyging med drone og helikopter i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall, feilsituasjonar eller havari på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av drone og helikopter i verneområdet, skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne,
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt,
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b,
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder,
- e. merking og rydding av nye stiar,
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d,
- g. ringbarking, hogst eller uttak av gran og eventuelle utanlandske treslag,
- h. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4,
- i. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg,
- j. naudsynt arbeid med drone og helikopter i samband med inspeksjon og vedlikehald,
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f og g, § 7 bokstav a, b, g og h.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Forskrift om endring av forskrift om vern av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

Fastsett ved kgl.res. 27. november 2020 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 27.11.2020 nr. 2514 om vern av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune, Rogaland, blir det gjort følgande endringar:

Forskriftas tittel skal ikkje endrast, og lyder:

Forskrift om vern av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

§ 2 skal lyde:

§ 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Suldal kommune: 92/1, 45/1 og 88/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 12 127 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [månad årstal]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Suldal kommune, hos *Statsforvaltaren* i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 7 bokstav d skal lyde:

- d. Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar og *ilandstigningsområdet frå båt merka* i vernekartet.

Denne forskrifta erstattar gjeldande verneforskrift for Ragstjørna naturreservat:
Forskrift av 20.12.1996 nr. 1270 om fredning av Ragstjørna naturreservat, Gjesdal kommune, Rogaland

Sidan dette forslaget til ny verneforskrift erstattar den eksisterande forskrifta, og det er mange endringar i tillegg til at ho er omsett til nynorsk, er endringane ikkje sett i kursiv. Paragraftitlane er likevel sett i kursiv, slik malen for verneforskrift er sett opp. I tillegg er nye gards- og bruksnummer er sett i kursiv, og det endra arealet.

Forskrift om vern av Ragstjørna naturreservat, Gjesdal kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit variert område som inneheld fleire typar natur, mellom anna både ope og tresatt våtmark, elveløp, sjeldan og sårbar flaumskogsmark og eit verneverdig steinblokkssystem av kvartærgeologisk opphav. Området er eit viktig hekke- og overvintringsområde for våtmarksfugl, og føremålet er derfor også å ta vare på det naturlege dyrelivet som er knytt til området, samt den naturleg tilhøyrande vegetasjonen.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Gjesdal kommune: 14/6-7,48, 14/300, 36/1, 36/3, 36/4,18 og 36/23.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 652,5 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka der de går over land. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Gjesdal kommune, hos Statsforvaltaren i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, og plantar i vatn, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp, medrekna lav eller deler av desse, frå naturreservatet. Nye planteartar er forbode å innføra, deriblant planting eller såing av tre og annan vegetasjon.
- b. Dyrelivet, medrekna egg, reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og forstyrning. Utsetting av dyr, medrekna fisk er forbode.
- c. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbodet.
- d. Hundar skal haldast i band heile året.
- e. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak,

oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, inkludert hageavfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevernemiddel.

Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.

- f. Camping, telting og oppsetting av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbodet.
- g. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp,
- b. fiske i samsvar med gjeldande lovverk,
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk,
- d. fangst av villmink,
- e. vedlikehald av eksisterande stiar, turveggar og klatreruter i samsvar med standard på vernetidspunktet,
- f. tradisjonell beiting,
- g. bålbrekking med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk,
- h. fjerning av vegetasjon langs jordekantar av omsyn til maskinbruk på dyrka mark. Vegetasjonen skal bli liggande igjen i naturreservatet.
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet,
- j. oppgradering eller fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og aukiing av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig,
- k. naudsynt rydding av vegetasjon i elveleiet til den regulerte Oltedalselva og utløpskanalen ved akutt behov for sikringstiltak mot flaum. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- l. vasstandsendingar i Ragstjørna som skulast manøvrering av Ragsvatn innanfor etablert reguleringspraksis for Oltesvik kraftverk.

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna flyging under 300 m, samt landing og start med luftfartøy. Forbodet gjeld òg bruk av modellbåtar, modellfly og drone.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande turveg vist på vernekartet.
- c. Bruk av seglbrett er forbodet.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy, og
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- d. naudsynt motorferdsel i samband med rydding av vegetasjon i elveleiet til den regulerte Oltedalselva og utløpskanalen som akutt sikringstiltak mot flaum, jf. § 4 bokstav k. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne,
- b. merking og rydding av nye stiar,
- c. etablering av fugletårn,
- d. oppsetting, vedlikehald og fjerning av gjerder,
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav g,
- f. ringbarking, hogst og uttak av gran og framande treslag,
- g. vedlikehald av eksisterande grøfteavløp som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal,
- h. naudsynt drift og vedlikehald av eksisterande avløp på gnr./bnr. 14/300 VA leidning frå IVAR sitt reinseanlegg i Oltedal og OV leidning frå industriområdet,
- i. oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje fell inn under § 4
- j. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftline,
- k. drift, vedlikehald og naudsynt oppgradering av kanal for utslepp av vatn frå Oltedal kraftverk,
- l. planmessig rydding av vegetasjon i elveleiet til den regulerte Oltedalselva og utsleppskanalen som sikringstiltak mot flaum,
- m. fysiske tilretteleggingstiltak i Oltedalselva og utsleppskanalen for å betre tilstanden for vassmiljøet og redusera skadeverknader i samband med eksisterande kraftutbygging,
- n. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav c, i og j, og § 7 bokstav f, h, k, l og m.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegera styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift av 20.12.1996 om fredning av Ragstjørna som naturreservat, Gjesdal kommune, Rogaland oppheva.